



Statens vegvesen

Offentlege instansar

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Bente Øyre - 57655754

Vår referanse:
15/215711-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.01.2016

E16 Slæn – Tvinno, Voss kommune **Varsel om utlegging av nytt forslag til planprogram**

Statens vegvesen varslar i samarbeid med Voss kommune om utlegging av nytt forslag til planprogram i samband med planarbeidet for ny kommunedelplan for strekninga E16 Slæn – Tvinno.

Statens vegvesen varsla i juni 2015 oppstart av planarbeid med ny kommunedelplan for denne strekninga. I samband med varsel av oppstart av planarbeidet, vart det lagt ut eit forslag til planprogram på høyring.

Vi fekk inn ein del innspel til planprogrammet. Desse er vurdert, og rapport med oppsummering og vurdering av innspela er lagt ut saman med nytt forslag til planprogram.

M.a. fekk vi merknad på bruk av stadnamna Sleen og Tvinde. Etter å ha sjekka opp i godkjente skrivemåtar i stadnamnregisteret, er stadnamna for prosjektet no endra til Slæn og Tvinno i tråd med godkjente skrivemåtar.

Etter innspel som kom inn i høyringsperioden og fleire undersøkingar i området, har vi sett det som naudsynt å endre linjealternativa i forslaget til planprogram.

Vi ber med dette på nytt om innspel til arbeidet. Dei som sende inn innspel til førre forslag til planprogram treng ikkje sende inn nye innspel viss det ikkje er nye opplysningar eller ønskje om å endre sitt innspel.

Beskriving av prosjektet

Det skal utarbeidast kommunedelplan for E16 mellom Slæn og Tvinno. Heile strekninga ligg i Voss kommune. Føremålet med planarbeidet er å fastleggje framtidig vegløyising for E16 med tilknytningar for denne strekninga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@veqvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Den nye kommunedelplanen vil vere knytt til reguleringsplanen for E16 Nærøydalen i aust, og den vil gå inn i planområdet for eksisterande kommunedelplan for E16 Oppheim – Lundarosen i sørvest. Det blir vurdert alternativ på både nord- og sørsida av Oppheimsvatnet.

I samband med kommunedelplanarbeidet skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing (KU) for å sikre at viktige miljø- og landskapsomsyn blir vurderte. I tillegg skal risiko og sårbarheit (ROS) vurderast. Forslag til planprogram som skal ligge til grunn for arbeidet, er lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 15.02. – 07.04. 2016 (i samsvar med plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13). Planprogrammet er tilgjengeleg på tinghuset i Voss og nettsidene til Voss kommune www.voss.kommune.no under Kunngjeringar og dessutan Statens vegvesen si nettside www.vegvesen.no under Vegprosjekter/Høringer vegprosjekter.

Ope møte

Det vil bli halde eit ope møte for å informere om planprogrammet og planarbeidet måndag 29. februar kl. 18.00 i Sambygg sitt lokale på Vinje.

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan 07.04.2016. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger eller med e-post til firmapost-vest@vegvesen.no.

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13. Planen blir utarbeidd etter § 3-7.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Bente Øyre på telefon 57655754 eller e-post bente.oyre@vegvesen.no.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Carl-Erik Nielsen

Bente Øyre

Kopi: Voss kommune

Adresseliste:

Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, PB 7900, 5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, PB 7900, 5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, PB 7900, 5020 Bergen

Fylkesmannen i Hordaland,, postboks 7310, 5020 Bergen

NVE Region vest, Naustdalsvn. 1b, Postboks 53, 6801 Førde

Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim